

- Sats ikkje på Roundup mot kjempebjønnekjeksen!

31.05.2007



Kva er det beste middel i kampen mot denne planta? Det er det delte meiningar om.

Det er delte meiningar om kva slags preparat som vil vera det beste til å ta knekken på kjempebjønnekjeksen/tromsøpalmen i Uskedalen. Tor Jarle Kjærland har reagert på opplysningane om at Roundup er eit aktuelt alternativ. Det har også andre.

- Det er ikkje det beste stoffet. Vegvesenet har gjort den same tabben i fleire år ved å nytta det langs vegane, seier Kjærland til uskedalen.no.

- Kva er problemet?

- Det er at når ein fjernar all vegetasjon, slik som ein gjer med Roundup, så gjev ein frø som ligg i jorda lys- og spirevilkår. Resultatet er om mogeleg endå frodigare ugraskultur enn ein hadde frå før. Og dermed må ein sprøyta om att og om att.

- Kva er så den beste løysinga?

- Det er å fjerna problem-vegetasjonen og lata "normalt gras" stå att. Når graset tettare for lys og brukar mesteparten av næringa i jorda, fjernar ein mesteparten av livsvilkåra til problem-ugraset. I tillegg til å måtta spira frå frøstadiet, må ugraset ta opp kampen mot friskt og etablert plantedekke. Spire-evna til ugrasfrøet som ligg i jorda minkar år for år.

Totalt sett kjem ein på denne måten ifrå kampen med redusert bruk av plantevernmiddel, og det vert heller ikkje så brunt og stygt, seier Tor Jarle Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen